



Måndag kveld blir det barnediskotek for siste gongen i år i Helgheim, fortel Rigmor Rasmussen i ungdomslaget.

- Dette blir eit julediskotek med litt julemusikk og diverse innslag med dj-ane til Rosendal Lyd og Lys, fortel ho.

- Vi er svært godt fornøgde med samarbeidet med dei denne sesongen og trur også at ungane er kjempefornøyd.

Frammøtet har vore betre enn tidlegare oig det er dj-ane frå Rosendal som har 'gjort susen'. Dei har gjort diskotekene meir spennande, seier Rigmor. til uskedalen.no.

Biletet frå barnediskoteket vart teke i oktober.

(Foto: Ola Matti Mathisen)